



Arkivnr: 2015/10391-1

Saksbehandlar: Sunniva Schultze-Florey

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet		10.11.2015
Fylkesutvalet		18.11.2015
Fylkestinget		08.12.2015

**Revisjon av lokal forskrift om inntak og formidling****Samandrag**

Det følgjer av forskrift til opplæringslova § 6-2 at fylkeskommunane skal ha ei lokal forskrift om inntak og formidling. Hordaland fylkeskommune har to lokale forskrifter om inntak og formidling, forskrift om inntak til vidaregående opplæring og formidling til lærepass, og forskrift om inntak til International Baccalaureate-tilbod i Hordaland fylkeskommune. Det vert gjort framlegg om å slå dei saman til *ei* forskrift og gjere ei endring i inntaket til Vg3 for elevar som har teke Vg2 i utlandet.

**Forslag til innstilling**

1	Fylkestinget vedtek lokal forskrift om inntak og formidling slik ho er lagt fram i vedlegg i saka
2	Dei to forskriftene frå 2014 vert slått saman, og reglane om inntak til IB vert nytt kapittel 2.
3	Ny § 10 andre ledd skal lyde: «Dersom det melder seg fleire søkerar enn det er elevplassar, skal elevplassane fordelast etter poengsum utrekna på grunnlag av karakterpoeng frå Vg1.»
4	Lokal forskrift om inntak og formidling trer i kraft 01.01.2016.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Heggheim  
fylkessjef opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Vedlegg**

- 1 Framlegg til revidert lokal forskrift om inntak og formidling
- 2 Gjeldande forskrift om inntak og formidling
- 3 Gjeldande forskrift om inntak til IB

**Fylkesrådmannen, 13.10.2015**

Lokale forskrifter om inntak til vidaregåande opplæring og formidling til lærepassar er heimla i forskrift til opplæringslova § 6-2. Regelen lyder:

#### **§ 6-2.Lokal forskrift om inntak**

*Fylkeskommunen skal fastsetje lokal forskrift om inntak. Den lokale forskrifta skal innehalde reglar om korleis inntaket vil bli gjennomført, mellom anna inntaksområde, kva for utdanningsprogram eller programområde det er fastsett særskilde inntakskrav for, og korleis inntaket elles skal gjennomførast. Forskrifta kan også innehalde utfyllande føresegner om formidling.*

*Den lokale forskrifta skal innehalde reglar om inntak til landslinjer og dei statlege vidaregåande skolane, jf. § 6-12 og § 6-44.*

Hordaland fylkeskommune har to lokale forskrifter, forskrift om inntak til vidaregåande opplæring og formidling til lærepass, vedteken av fylkestinget 14. oktober 2014, og forskrift om inntak til International Baccalaureate-tilbod i Hordaland fylkeskommune, vedteken av fylkestinget 10. desember 2014. Begge trådde i kraft 1. januar 2015. Begge forskriftene er kunngjort på [lovdata.no](http://lovdata.no), og det er laga eit hefte med begge forskriftene i som er tilgjengeleg på fylkeskommunen sine nettsider. Den nye forskrifta vil verte publisert på både [lovdata.no](http://lovdata.no) og fylkeskommunen sine nettsider. Det vert no gjort framlegg om å slå dei saman til *ei* forskrift og gjere ei endring i inntaket til Vg3 for elevar som har teke Vg2 i utlandet.

Det første og mest omfattande endringsframlegget er framlegg om å slå saman forskriftene til *ei* felles forskrift. Det er uheldig å ha regelverket i to forskrifter; det vil vere enklare for elevar og foreldre å ha det samla i eitt dokument, sjølv om reglane om IB er omfattande og får eit eige kapittel. I vedlagde framlegg til revidert forskrift er reglane om inntak til IB tekne inn som nytt kapittel 2. Det er ikkje gjort endringar i innhaldet, berre ei redaksjonell endring.

Det andre og einaste innhaldsmessige framlegget er framlegg til nytt andre ledd i § 10 om inntak til Vg3 av elevar som har teke Vg2 i utlandet. Elevar som har fullført Vg2, har i dag fortrinnsrett til Vg3 ved same skule på nærmere vilkår, jamfør framlegget til revidert forskrift § 5. Elevar som har teke Vg2 i utlandet, vert prioritert etter søkjrarar som har fullført og bestått Vg2 som fulltidselev ved den aktuelle skulen, jamfør framlegget til revidert forskrift § 10 første ledd. Fram til inntaket for inneverande skuleår har alle elevar som har søkt på Vg3 etter Vg2 i utlandet, fått plass på ønska utdanningsprogram og skule. Ved årets inntak var det fleire søkerar som hadde Vg2 frå utlandet enn det var plassar til, og inntaket vart gjort på bakgrunn av loddrekning, etter forskrift til opplæringslova § 6-33 andre ledd. Den gjeldande lokale forskriften har ingen andre reglar for slike situasjonar, og fylkesrådmannen ser difor trong for å ha klårare reglar om inntaket i desse situasjonane. Det utfordrande med desse elevane er at dei går på skular i ulike utdanningssystem, og at dei ikkje har samanliknbare karakterar. Det er òg ulikt når skuleåra er ferdige, noko som gjer sakhandsaminga vanskeleg.

Nokre fylkeskommunar løyer dette ved å leggje karakterane frå Vg1 til grunn for inntaket til Vg3. Dette er etter fylkesrådmannen si vurdering ikkje ei optimal løysing, elevane får då ikkje utteljing for innsatsen dei har lagt ned på Vg2. Det er derimot ei løysing som det er enkelt å nytte i dagens inntakssystem, og som ikkje vil føre til betydeleg ekstraarbeid. Denne løysinga vil ein kunne praktisere innanfor dagens inntakssystem. Med denne løysinga vil forskriften sjå slik ut:

#### **§ 10 Utvekslingselever som søker seg inn til Vg3**

- (1) *Søkjar med opplæringsrett som er elev ved ein skule i utlandet, vert prioritert etter søkerarar som har fullført og bestått Vg2 som fulltidselev ved den prioriterte skulen.*
- (2) *Dersom det melder seg fleire søkerar enn det er elevplassar, skal elevplassane fordelast etter poengsum utrekna på grunnlag av karakterpoeng frå Vg1.*

Ei anna løysing er å foreta ei omrekning etter same modell som for inntak til IB, sjå framlegg til revidert forskrift § 19 første ledd. Med denne måten vil elevane kunne få utteljing for Vg2-året. Det er likevel ikkje

slik at dette løyser utfordringa med at skulane og skulesystema ikkje er direkte samanliknbare. Denne løysinga vil i nokre tilfelle kunne vere meir rettferdig, men vil føre til betydeleg ekstraarbeid for inntaket, noko det per i dag ikkje er kapasitet til. Med denne løysinga vil forskrifta sjå slik ut:

### **§ 10 Utvekslingselevar som søker seg inn til Vg3**

- (1) *Søkjar med opplæringsrett som er elev ved ein skule i utlandet, vert prioritert etter søkerarar som har fullført og bestått Vg2 som fulltidselev ved den prioriterte skulen.*
- (2) *Dersom det melder seg fleire søkerarar enn det er elevplassar, skal elevplassane fordelast etter poengsum utrekna på grunnlag av karakterpoeng frå Vg2. Karakterane frå utlandet vert rekna om etter ei lineær omrekning, der karakterane frå det andre karaktersystemet vert vekta mot norsk karakterskala.*

Alternativt kan ein halde på dagens ordning, der ein må falle tilbake på løysinga i forskrift til opplæringslova § 6-33 andre ledd. Dette er ei heilt tilfeldig og klårt urettferdig løysing, og fylkesrådmannen finn at dette er ei løysing ein berre skal nytte når det ikkje finst alternativ.

Fylkesrådmannen tilrår at fylkestinget gjer endringane i lokal forskrift om inntak og formidling slik det går fram av innstillinga.